

---

**Fra:** Marit Midtgaard <ma-midtg@online.no>  
**Sendt:** torsdag 2. november 2017 11:33  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Ordfører Lindås; Teknisk Lindås  
**Emne:** Re: Trafikkfarleg i Kvassnesvegen

Hei!

Kan ikkje sjå å ha fått tilbakemelding på denne.

Mvh,  
Marit Midtgård

Den 14.09.2017 11:00, skrev Marit Midtgaard:

Til den det måtte gjelde:

Hei!

Vi er ein familie på fire, busett i Strandvegen. Kvar dag spaserer vi opp Kvassnesvegen (strekningen Strandvegen – Skysstasjonen) for å komme oss til jobb og barnehage. Minstemann sit enno i barnevogn, og eldstemann likar å sykle.

Kvassnesvegen er svært trafikkfarleg, med usamanhengande og store delar manglande fortau.

Det er mykje tungtrafikk i området, med varelevering til og frå byggvareforhandlaren Monter.

Siste halvåret har det i tillegg vore mykje anleggstrafikk i samband med bygging av nye bustadhus. Det er ikkje uvanleg av vi blir pressa ut av vegen av både to og tre lastebilar som freistar å manøvrere seg forbi kvarandre på vegstrekket.

Eg er alltid bekymra når vi går den vegen, og spesielt tenker eg på borna som bur i området.

I tillegg tenker eg på den store delen av busetnaden i området, som er eldre og til dels ufør. Det er ikkje gjort i ein fei å hoppe ut i vegggrøfta når beina sviktar, og ein treng hjelp av rullator for å føte seg. Nokre av dei eldre kunne lenge klart seg sjølv, med tanke på å gå til butikken og til bussen dersom vegen hadde vore trygg for dei.

Andre utsette mjuke trafikantar, er dei tilsette ved KIM. Kvar dag ser vi dei krysse vegen ved legevakta for å komme seg på jobb. Nokre av dei har ikkje like rask reaksjonsevne som andre, og situasjonen vert ofte farleg. Dette har eg sjølv erfart når eg har kome køyrande i eigen bil. Ingen skal måtte ha ein så farleg veg til barnehage/ skule/ arbeid.

Eg håpar verkeleg at dette kan forbetrast, og at kommunen vil prioritere å trygge denne vegen med samanhengande fortau – og helst før det skjer ei stygg ulukke på dette strekket. Vi har ingen å miste!! <3

Eg meiner det er rein flaks at det har gått bra til no.

Venleg helsing og hjartesukk frå

| Marit Midtgård